

Send inn tips til e-post:
post@osogfusa.no
eller ring 56 30 29 50

Arrangerte NM på heimebane:

Har aldri samla så mange spelarar som i år



NM: Lokal klubb husa NM i helga, med rekordmange deltakarar.

Det kom deltakarar frå Helgeland i nord til Kristiansand i sør for å delta i NM i bridge i Os denne helga.

►Steinar Lyssand

Tarjei Vangdal som er leiar av Os bridgeklubb, var stornøgd med oppmøtet.

– Me har tre klassar - knøtt, rekrutt og open klasse. Aldersspennet er frå 9 til 25 år og det blir totalt 11 timer med speling fordelt utover helga. Det er 15 deltakarar frå Os som skal vera med, fortel Vangdal som legg til at den lokale klubben har to landslagsspelarar som er tekne ut på U16-laget.

Os bridgeklubb har 30 medlemer, noko som gjer klubben til ein av landets største. 12 av medlemene har kome til siste året.

– Me er såpass mange no at me kjem inn under dei nasjonale støtteordningane. Det hjelper godt på. Det er dyrt å reisa på turneringar rundt om i landet, konstaterer Vangdal.

Etter pandemien hadde klubben berre åtte spelarar. Med oppgangen som har vore, er det ambisiøse målet å passera 100 medlemer med tida.

– Nyt opplevelinga

Vangdal stod for den offisielle opninga av NM i lag med Eirik André Hesthamar. Ordførar Terje Søviknes, som var formann i Os bridgeklubb i si tid, hadde ikkje høve til å stilla.

– Eg skulle helsa så mykje frå ordføraren. Han har verkeleg prøvd alt han kan for å rekka denne turneringa. Dessverre lét det seg ikkje gjera denne gongen, sa Vangdal.

Hesthamar skrytta av bridgeklubben si satsing på born og unge og var stolt av at klubben er NM-arrangør.

– Nyt opplevelinga denne helga og bygg venskap som kan vara livet ut, smilte Hesthamar.

Starta med bridge på måndag

Båro bridgeklubb stilte med heile 32 deltakarar. Den eine deltakaren deira starta med bridge så seint som førre måndag.

Eik, Victoria, Olai og Tristan stilte i knøtteklassen og hadde tøffe hette-genserar på seg med logoen til klubben. Dei var spente på korleis det ville bli å spela si første turnering.

– Me har spelt i to månader. Det blir moro å spela med så mange andre, sa dei unge, håpefulle.

Det lokale håpet Carl Otto Curram (25) er inne i sitt siste år som junior. Trass sin unge alder har han spelt bridge i mange år.

– Eg starta tidleg i ungdomsåra. Det har vorte mange konkurransar og turneringar oppgjennom åra. Det var tilfeldigheiter som gjorde at eg fekk interessa for bridge, fortel han berre nokre minutt før den første kampen startar.

– På talentjakt

Landslagstrenaren for U16-laget, Kris-



TALENT: Unge, lovande talent frå Båro bridgeklubb. Foto: Steinar Lyssand



KLAR: Carl Otto Curram gjer seg klar for NM. Foto: Steinar Lyssand

tian Ellingsen, hadde teke turen til Os for å følgja turneringa.

– Det er veldig kjekt å sjå at det er så mange tilstades her i helga. Det er ikkje ofte at så mange bridge-spelarar er samla, konstaterer Ellingsen.

U16-laget til Noreg tok ein knallsterk andrepllass i sist EM og kvalifiserte seg med det direkte til VM.

– Det er seks spelarar på landslaget. Fire spelar samtidig medan dei to andre kjem til borda som ein type innbytar, fortel han.

– Kva er grunnen til den gode rekrutteringa?

– Eg trur skulebridgen har ei stor del av æra for det. 30 skular deltek i dag. Me håpar å koma opp i 50 etterkvart, seier han.

Fleire av spelarane til U16-laget har bikka over aldersgrensa så dei får ikkje spela på VM-laget til neste år.

– Er du på talentjakt til landslaget denne helga?

– Ja, du kan sei det slik, seier Ellingsen og smiler.